

## Vedtak

Uttale til høyring – avvikling av godkjenningsordning i fritt behandlingsvalg  
Framlegget går ut på at private leverandørar ikkje lenger vil få godkjenning for å levere spesialisthelsetenester mot betaling frå staten. Vidare går forslaget ut på at godkjenning til å kunne gi spesialisthelsetenester mot betaling frå staten fell bort, sjølv om godkjenningsperioden ikkje har gått ut. Framlegget går også ut på at pasienten sin rett til å velje desse aktørane fell bort.

Pasientar med rett til naudsynt helsehjelp i spesialisthelsetenesta vil framleis kunne velje mellom offentlege verksemder og private verksemder som har avtale med regionale helseføretak. Retten til å velje knytar seg ikkje til behandling, men kvar behandling skal skje. Departementet føreslår difor at «rett til fritt behandlingsval» i staden vert kalla «rett til val av behandlingsstad».

Departementet tek sikte på at endringa skal skje frå 1. januar 2023.

Det vil bli teke med i høyringsnotatet ei overgangsordning for helsehjelp som er påbegynt før endringa trer i kraft med ei overgangsavgrensing på 6 månader.

Den gruppa av eldre som rådet skal ta i vare interessa for er etter rådet sitt syn best tent med at dei får behandling i den offentlege spesialisthelsetenesta. Rådet forventar at det offentlege har tenestene tilrettelagt.

Rådet er derfor samd i at dei endringane som er føreslått bør kunne gjennomførast slik høyringsframlegget skisserer.

## **PS 22/22 Tannhelsetenesta - Lindås tannklinikk**

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 26.04.2022

Saka vart lagt fram utan saksframlegg.

**Vigdis Ravnøy** sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet visar til sak om Lindås tannklinikk handsama i fylkesutvalet.

I fylkesordføraren sitt svar til representanten Nina Bognøy vert argumentet at Nordhordland tannklinikk ligg 26 min (27 km) frå Lindås tannklinikk brukt. Men ingen som søker til tannklinikken på Lindås bur på senteret. Dei kjem reisande frå Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen og frå andre delar av Alver kommune (Radøy).

Svært mange av pasientane har heller ikkje eigen bil og må kjørast til tannklinikken av pårørande som må ta seg fri frå arbeid. Lindås tannklinikk gir mindre reisetid for alle som soknar til denne.

Fylkeseldrerådet ber om at Vestland fylkeskommune handsamar saka om Lindås tannklinikk igjen både på bakgrunn av skriv frå Lindås Pensjonistlag og vedtak i eldrerådet i Alver kommune 21.03.22.

Fylkeseldrerådet ber også om at Vestland fylkeskommune vurderer andre måtar å dekke opp heile fylket med tannhelsehjelp ut frå at innbyggjarane bur spreitt og mange eldre følar at avstandane til helsetenester er lange. Vi er kjent med at nokon har føreslått ein tannhelsebuss, og fylkeseldrerådet vil vise til at bussen som drog rundt i Hordaland med mammografiundersøkinga treffe mange som elles ikkje ville søkt til denne undersøkinga om bussen ikkje hadde besøkt heile fylket og syta for at fleire tok mammografiundersøkinga.»

## **Avrøysting**

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.